

Statens vegvesen

Notat

Til: Sunnfjord kommune, plan
Fra: Drift- og vedlikehald, Plan- og utbygging vest 1
Kopi til:

Saksbehandler: Runa Aaland Eggum
Tlf saksbeh. 95756106
Vår dato: 12.08.2026

Forslagsstillar si vurdering av KU-plikt

Dette notatet oppsummerer vurderingar av om reguleringsplanarbeidet for E39 Østenstad bru utløyser krav om konsekvensutgreiing etter «Forskrift om konsekvensutgreiingar» (KUF) av 01.07.17 (FOR-2017-06-21-854).

Prosjektet E39 Østenstad bru er plassert langs Jølstravegen i Sunnfjord kommune om lag 14 km frå Førde sentrum. Statens vegvesen planlegg å utbetre heile strekninga E39 Moskog–Jølstraholmen for å sikre framkomst og trafikksikkerheit på strekninga. Eksisterande veg er for smal til gul midtline, har svake vegskuldrar og har dårleg vegkurvatur. Strekninga mellom Moskog og Jølstraholmen har siste åra vore utsett for fleire hendingar der store køyretøy og bussar har køyrt av vegen og velta.

Planarbeidet vil bli delt opp i fleire delstrekningar. Det fyrste reguleringsplanarbeidet som blir sett i gang er i tilknytning til Østenstad bru. Dette kjem av at brua har dårlegast standard og står i fare for å få redusert bereevne. Denne KU-vurderinga er knytt opp mot planområdet for Østenstad bru. Planområdet er omlag 59 daa.

Ansvarleg mynde skal alltid jf. Plan- og bygningslova vurdere om ein plan eller tiltak krev konsekvensutgreiing. Det er i dette tilfellet Sunnfjord kommune som er planmynde. Forslagsstillar skal, jf §9 i forskrift om konsekvensutgreiing gjere ei førebels vurdering av om plan/tiltak kan få så vesentlege verknader for miljø eller samfunn at det må konsekvensutgreiast.

Etter §9 i forskrifta skal foreslagstillar legge fram grunnlag for myndigheitene si vurdering av KU-plikt. Ein gjennomgang av vurderingane mot forskrifta § 6 og 8 vil her vere tilstrekkeleg beskriving av tiltak.

Gjeldande regelverk

Planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast kjem fram av KU-forskrifta § 6. For reguleringstiltak gjeld det tiltak som er lista i vedlegg I til forskrifta. Samferdselstiltak er lista i vedlegg I, punkt 7. For veg er det anlegging av ny eller utviding til motorveg/fleirfeltsveg eller andre vegtiltak med investeringskostnad på over 750 millionar kroner som er KU-pliktig etter vedlegg 1. Dette prosjektet gjeld utbetring av eksisterande vegstrekning og 2-feltsveg og prosjektet har ei kostnadsramme som er mykje lågare enn denne grensa. **Tiltaket er difor vurdert til å ikkje vere KU-pliktig etter vedlegg 1 til forskrifta.**

Det er vidare krav om konsekvensutgreiing av tiltak som ikkje fell inn under vedlegg I, dersom:

a) Tiltak er lista i forskrifta sitt vedlegg II og

b) kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn

Tiltaket til føreslagstillar fell inn under vedlegg II punkt 10e), «bygging av veier» og kan vere KU-pliktig basert på ei vurdering av tilgjengelege opplysningar om miljø-/samfunnsverdiar og i kva grad desse vert påverka av tiltaket.


Vurdering av KUF §8. Planar og tiltak jf vedlegg II nr 10 bokstav e) som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

Det er vurdert om planen kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn etter KUF § 10 etter følgjande kriterium:

- Eigenskapar ved planen eller tiltaket (§10 andre ledd)
- Tiltaket si lokalisering og påverknad på omgjevnadane (§10 tredje ledd)
- Eigenskapar ved verknadane (§10 fjerde ledd)

Eigenskapar ved planen eller tiltaket §10 andre ledd	
a Storleik, planområde og utforming	Vegtiltaket som er ynskja regulert medfører omlegging av E39 over ei strekning på om lag 700 meter for å etablere nye bruer ved Østenstad og forbetre vegkurvaturen på strekninga. Vegprofilet på utbetra veg blir breiare enn dagens asfalterte flate. Planområdet er allereie visuelt prega av eksisterande veginfrastruktur og har allereie ein barriereverknad med ein stor trafikk med ein årsdøgntrafikk1 (ÅDT₂₀₂₅) på om lag 4600 der 18 % av desse er tunge køyretøy. I reguleringsplanarbeidet vil konsekvensar av vegtiltaket for alle fagtema bli vurdert, og ein vil prøve å tilpasse vegtiltaket til eksisterande omgjevnadar best mogleg. Det planlagde tiltaket er vurdert til å ikkje gjere vesentlege endringar i høve til dagens bruk og verke i området sjølv om vegprofilet vil bli breiare enn i dag. Området er prega av dagens situasjon. Det er difor vurdert til at tiltaket ikkje utløyser

	krav om konsekvensutgreiinga i høve til storleik, planområdet og utforming.
b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar	Vegen går gjennom dyrka mark og områder med myr, og vegutbetringa vil påverke dette i nokon grad. Gjennom planarbeidet vil også verknadane på dyrka mark og myr bli synleggjort og avbøtande tiltak bli vurdert. Det er vidare ikkje registrert andre viktige naturressursar som blir påverka eller fell innanfor planområdet.
c) Avfallsproduksjon og utslepp	Ikkje aktuelt
d) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofer	Ikkje aktuelt
Vurdering av «tiltaket si lokalisering og påverknad på omgjevnadane (§10 tredje ledd)»	
a) Verneområder etter naturmangfaldlova kapittel V eller markalova § 11, utvalte naturtypar (naturmangfaldlova kapittel VI), prioriterte arter, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, objekt, områder og kulturmiljø freda etter kulturminnelova	• Tiltaket påverkar ikkje områder som er verna etter naturmangfaldslova eller områder som er verna i heimel i andre lovar eller konvensjonar. • Tiltaket påverkar ikkje inngrepsfrie naturområder • Det er ingen raudlista eller utvalde naturtypar innanfor planområdet. • Det er ikkje registrert prioriterte artar eller utvalde naturtypar etter naturmangfaldslova, innanfor eller tilknytt planområdet. • Det er registrert tre funn i artsdatabanken.no i og like utanfor planområdet, der alle er livskraftige; hjort, blylav og ein billeart. Kunnskapsgrunnlaget er noko dårleg på heile strekninga og det må gjennomførast naturtypekartleggingar i samband med planarbeidet. • Tiltaket kjem ikkje i berøring av verna vassdrag. • Tiltaket vil koma i konflikt med kantsone i samband omlegging av elv ved Østenstad (Storagrovi).

	• Omlegging av bekk er i tidleg fase vurdert som gjennomførbart då det ikkje er fisk i elva. Konsekvensar og avbøtande tiltak vil bli vurderte i planprosessen • Det er ingen kulturminne eller kulturmiljø som er freda, mellombels freda eller foreslått freda etter kulturminnelova innan planområdet.
b) trua arter eller naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne og kulturmiljø, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv	• Det er ikkje registrert artar av særleg stor forvaltningsinteresse innanfor planområdet. • Deler av Den Trondhjemske postveg er registrert som sannsynleg trasé innanfor planområdet jf kartgrunnlag Geonorge/riksantikvaren  <i>Figur 1 Sannsynleg trase postveg synt i orange (Geonorge, Riksantikvaren)</i> Om lag 25 m av denne ligg med omsynssone H570 i kommuneplanen for Sunnfjord. I føresegnene står det at det er krav om utgreiing knytt til kulturverdien før det skal gjennomførast tiltak. Statens vegvesen meiner at utgreiinga kan skje gjennom reguleringsplanarbeidet, utan konsekvensutgreiing. • Ingen registrerte nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar • Ingen områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift • Landskapet blir i liten grad påverka av det planlagde inngrepet og utløyser difor ikkje KU for landskapsbilete.
c) statlege planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale	Ikkje aktuelt

planbestemmelser gjeve i medhald av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.	
d) Større omdisponering av områder sett av til landbruks-, natur- og friluftsføremål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd	Det er dyrka mark som er aktivt drivne inntil vegen på deler av strekninga som vil bli påverka permanent og mellombels av tiltaket, konsekvensane er avgrensa. Planutgreiinga skal vidare synleggjere konsekvensar og vurdere avbøtande tiltak.
e) Auka belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskrivne	Ikkje aktuelt
f) Konsekvensar for befolkninga si helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforureining	Ikkje aktuelt
g) Vesentleg forureining eller klimagassutslepp	Det er ikkje registrert områder med grunnforureining i tilknytning til planområdet. Tiltaket påverkar ikkje bergarter som kan ha toksiske effektar på omgjevnadane
h) Risiko for alvorlege ulykker som en følgje av naturfarar som ras, skred eller flom	Det er aktsomheitsområder knytt til flaum innanfor planområdet. Prosjektet skal planlegge for bruer som tilfredstiller 200-årsflaum + klimafaktor og det skal ikkje gjerast tiltak som vil auke faren for desse naturhendingane. Aktsomheitsområde for jordskred er utanfor områder veg og andre tiltak.
Vurdering av «eigenskapar ved verknader (§10 fjerde ledd)»	
Området er i dag allereie er påverka av E39 og utbygginga vil i moderat grad utvide dette området. Det er ingen store verdiar som vil bli påverka av utbygginga og strekninga er relativ kort og har såleis avgrensa konsekvensar. Utbygginga er difor vurdert til å ikkje ha store varige verknader for miljø og samfunn.	

Konklusjon

Tiltaket er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing. Reguleringsplanarbeidet skal få fram verknadane som planen vil ha for miljø- og samfunn gjennom undersøkingar, fagutgreiingar og medverknad, som er vurdert tilstrekkeleg for dette tiltaket.